

Alver kommune/ landbruksavdeling
Postboks 4
5906 Frekhaug
Att: Laila Bjørge

Bergen, 22.01.2020
Vår ref: 622702-01


SØKNAD OM TILTAK I RYLANDSVATNET

I samband med utarbeiding av reguleringsplan Fv564 Fløksand – Vikebø er det behov for å gjennomføre grunnundersøkjinger i Rylandsvatnet.

Prosjektet er eit fylkesvegprosjekt og er del av bompengepakken i Nordhordland. Statens vegvesen var oppdragsgivar fram til og med desember 2019. Fylkeskommunen er prosjekteigar frå 01.01.2020.

Ingar Hals Ingar.Hals@vlfk.no har overtatt prosjektet etter Hege Løtveit.

Området det er behov for grunnundersøkjinger er merka med raud ring i kartet under:



Det er behov for grunnundersøkjinger fordi ny veg vil berøre Rylandsvatnet, og det er viktig å kartlegge grunntilhøva for å sikre at eventuell fylling vil kunne liggje her, samt vurdere eventuelle tiltak det er behov for. Dette tiltaket er grunnlag for reguleringsplanen, ikkje grunnlag for endelig løysing.

Oppdraget skal gjennomførast i veke 5 -6 (27 januar – 7 februar 2020) og vil ha ei varigheit på 2-3 dager. Sjølve boringane er truleg gjennomført på 1 dag, men pga opp og nedrigging av lekter vil det medgå 1-2 dagar ekstra.

Det vert benytta lekter med borerigg oppå.

Det vert benytta diesel til boreriggen, og motoren består av oljeprodukt og hydraulikkolje.

Det vert benytta lettboat/ liten båt med påhengsmotor for å flytte lekter med rigg mellom borepunkt.

Det vert gjort forebyggjande sikkerheitstiltak som oljeabsorberende lense m/ skjørt og oljeabsorberende beredskapspose. For sjølve boringa er det ikkje behov for sikringstiltak då dette borestøvet vil sige ned og ikkje skape større ringverknad. *Sjå vedlegg ang dette.*

I området er det eit settefiskanlegg, SALAR. Desse er kontakta, og vert varsla straks godkjenning for tiltaket er på plass. Vi vil opprette dialog med SALAR slik at vi kan ha fortløpande dialog ved uhell. Sikkerheitsutstyr som vert nytta under arbeidet skal vere tilstrekkeleg for å sikre at det ikkje vert skadar eller utslepp som påverkar SALAR si drift. SALAR har opplyst om inntaksledning og kvar denne ligg.

Utsettingspunkt av lekter er ikkje avklart, men det vert gjennomført synfaring for å lokalisere moglege utsettingsplasser. Straks desse er lokalisert vil vi melde dette tilbake til kommunen.

Det er og behov for å bearbeide vegen ned til vatnet. Denne vegen ligg på eigedom til Arne Gunleiv Haugsvær. Eg snakka med han på tlf 15.01.20 ang dette, og det er i orden at det vert gjort gravearbeid med gravemaskin for å tilrettelegge vegen slik at ein får tilkomst med lastebil/ lekter og rigg. Arbeidet vil ikkje medføre tiltak i vatnet, det er snakk om justering av vegen opp mot bjørndalsvegen, samt felling av nokre trær og justering av terreng/ veg med grus.

Det søkjast med dette om løyve til å setje ut lekter med borerigg, samt gjennomføre grunnboringar i veke 5, 2020 ihht kart over.

Utførande firma er Lingen.

Med venleg helsing
Asplan Viak AS

Morten Lexau
Ingeniør Vegprosjektering

T: 48199559 | 417 99 417
E: morten.lexau@asplanviak.no